



Plan for førebyggande arbeid retta mot barn og unge 2024-2028

Som del av barnevernreforma, også kalla Oppvekstreforma, vart det i barnevernlova § 15-1 fastsett eit følgjande lovkrav:

"Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler åferdsproblemer. Kommunen skal sørge for å samordne tjenestetilbudet til barn og familier. Kommunestyret skal vedta en plan for kommunens forebyggende arbeid på dette området. "

Førebyggjande arbeid skjer på mange ulike nivå. I planen skil ein mellom universelle tiltak som omfattar alle barn og unge, selektive tiltak som treff gruppenivå, og indikative tiltak som gjeld einskildindivid. Det er gjennom gode tiltak, god praksis og godt samarbeid at kommunen klarar å fremje gode oppvekstvilkår som er med på å førebyggje omsorgssvikt og åferdsvanskar. Gode tiltak krev at me har eit godt kunnskapsgrunnlag.

Denne planen tek utgangspunkt i folkehelseprofilen og oppvekstprofilen til Tysnes kommune, UngData undersøking frå 2024, spørjeundersøking blant tilsette og brukarar, leiarar og tilsette i kommunen som jobbar direkte og indirekte med barn og unge, samt på kunnskapsoppsummeringa frå Folkehelseinstituttet frå 2018 om barn og unge si psykiske helse og førebyggande tiltak (Skogen J., Smith, Aarø, Sjøveland, & Øverland, 2018). Planen inneheld ei skildring av overordna mål og strategiar for det heilskaplege førebyggjande tenestetilbodet, korleis ansvaret skal fordelast mellom sektorane, korleis oppgåveløysinga skal organiserast og korleis ulike tenester skal samarbeide.

Innhald

Plan for førebyggande arbeid retta mot barn og unge 2024-2028	1
1.Innleiing	4
1.1. Bakgrunn og mandat.....	4
1.2. Kva er formålet med planen?.....	4
1.3. Slik blei planen til	4
Planprosess og forankring.....	4
1.4.Overordna mål og strategi	6
Nasjonale føringer.....	6
Lokale føringer	7
2. Slik er det å vere ung i Tysnes - kunnskapsgrunnlaget.....	7
2.1. Befolking og oppvekstprofil	7
2.2. UngData	9
2.3. Organisasjonskart i Tysnes kommune.....	10
2.4. Risikofaktorar og beskyttelses faktorar	10
3. Slik skal me jobbe framover	11
3.1 Tidleg innsats og førebyggjande arbeid.....	11
Førebyggingsnivå.....	11
3.2 Lokale førebyggjande tiltak og kva dei er meint å oppnå.	13
Universelle førebyggingstiltak	13
Selektive førebyggingstiltak.....	18
Indikative førebyggingstiltak	20
3.3 Samarbeidsstruktur – ny organisering og satsing.....	21

3.4 Innspel frå referansegrupper.....	25
4 Medverknad	27
4.1 Barnekonvensjonen artikkel 12.....	27
4.2 Vårt felles barnesyn i Tysnes kommune	28
5 Evaluering.....	30
6 Bibliografi.....	30

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn og mandat

Oppvekstreforma trådde i kraft 1.1.22. Reforma skal styrke det førebyggjande arbeidet i kommunen og styrke samarbeidet på tvers av tenestene i kommunen. Med auka ansvar skal kommunane fokusere på å kunne gi rett hjelp til rett tid frå rett teneste. Målet er å betre samhandling og førebyggje omsorgsvikt og skeivutvikling hos barn og unge. For å nå måla med reforma er krevst det at merksemda vert retta mot førebygging og tidleg innsats i alle tenester i kommunen.

Å byggje laget rundt barnet!

Målgruppa for planen er innbyggjarane, tilsette og politikarane i Tysnes kommune.

1.2. Kva er formålet med planen?

Formålet med å etablere ein eigen plan er å skildre måla for førebyggjande arbeid gjennom å skilde **organisering** av arbeidet, og korleis me skal **samarbeide**.

I prosjektmandatet av 17.08.2022 er hovudmålsetjinga at planen skal:


-vere ein heilsakleg, tverrsektoriell plan som skal innehalde ei skildring av overordna mål og strategiar for det heilsakleg førebyggande tenestetilbodet, korleis ansvaret skal fordelast mellom etatane, korleis oppgåveløysinga skal organiserast og korleis ulike etatar skal samarbeide.

- vedtakast for å forankre det førebyggande arbeidet og sikre ressursar til dette arbeidet.
- vere eit verktøy for å sikre systematisk innsats for å legge til rette for heilsaklege tenester til barn og unge.
- skildre mål for arbeidet, korleis det skal organiserast og fordelast mellom etatane i kommunen, og korleis etatane skal samarbeide.
- være eit funksjonelt arbeidsdokument.
- ha målbare mål, for å sikre at me kan evaluere om me har rett kurs.
- være konkret, og gje svar på kva, kvifor, korleis, kva tid, kven.

1.3. Slik blei planen til

Planprosess og forankring

Planarbeidet har vore organisert som eit prosjekt med styringsgruppe, prosjektgruppe og referansegrupper. Deltakarane i prosjektgruppa representerer dei ulike fagfelta og einingane som er involvert i arbeidet med barn og unge i Tysnes kommune.



Styringsgruppa for planen har bestått av:

Ass. Rådmann- Tommy-Rene Stordal

Kommunalsjef oppvekst: Aud Kaldefoss/Lena Epland Sløgedal

Kommunalsjef helse og omsorg: Kristine Trane

Planrådgjevar Morten Anthonessen har deltatt i prosessen gjennom møter.

Arbeidsgruppa for planen har bestått av:

Leiar for prosjektgruppa: Kommunepsykolog Susanna Heggland (til juni 2023)

Leiar for prosjektgruppa: Einingsleiar førebyggjande tenester Ingvild A. Hustad (frå mars 2024)

Einingsleiar for barn og familie eininga: Ingvild A. Hustad/Eva S. Grov (til juni 2023)

Kommunefysioterapeut: Nancie Luth-Hanssen

Kvalitetsrådgjevar (med jordmorkompetanse): Elisabeth Hatteberg

Avdelingsleiar ungdomskulen: Terje Sløgedal

Avdelingsleiar småskulen: Kristine Allard Epland

Pedagogisk leiar barnehage: Birgit Jensen Nes

Kommunepsykolog og einingsleiar førebyggjande tenester er redaktørar for skriveprosessen.

Prosjektgruppa starta arbeidet i desember 2022 og hadde ut over vinter/vår 2022/2023 månadlege møter med fokus på kartlegging, «kor er me», få ei oversikt over førebyggjande arbeid, idémyldring og bli kjent på tvers av tenester, til å jobbe med skriftleggjering av utkast til ein plan.

«Oppvekstmøta» vart nytta som referanse gruppe i tillegg til at ungdomsrådet er nytta som referansegruppa. Det er og innhenta innspel frå FAU ved Uggdal skule og prosjektgruppa hadde som målsetjing også å innhente innspel frå FAU ved Onarheim og Tysnes skule, samt frå frivillige lag og organisasjonar og å halde eit ope møte for innbyggjarane. Planen vert i staden sendt ut breitt på skriftleg høyring før den vert handsama i kommunestyret.

Prosjektleiar har hatt møter med styringsgruppa og har presentert status i arbeidet til tenesteutvalet.

1.4. Overordna mål og strategi

Nasjonale føringar.

Oppvekstreforma har som hovudmålsetjing at:

- Kommunen skal styrke arbeidet med tidlig innsats og forebygging.
- Hjelpen skal bli bedre tilpasset barn og familiers behov.
- Rettsikkerheten til barn og familier skal bli godt ivaretatt.
- Ressursbruken og oppgaveløsningen i barnevernet skal bli mer effektiv.

<https://www.bufdir.no/barnevernsreformen>

Nasjonal faglig retningslinje for tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge; har som mål å styrke avdekking- og handlingskompetanse hos tilsette i kommunen, slik at utsatte barn og unge vert fanga tidleg opp, og får tilpassa hjelp og oppfølging.

<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/tidlig-oppdagelse-av-utsatte-barn-og-unge>

Endringar i velferdstenestelovgjevinga frå 01.08.2022, der totalt 14 lover vart endra for å styrke oppfølging av utsette barn og deira familiar, gjennom å auke samarbeidet mellom velferdstenestene. I lovendringane fulgte mellom anna retten til barnekoordinator for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom eller funksjonsnedsetjing.

<https://www.statsforvalteren.no/rogaland/barnehage-og-opplaring/barnehage/tidlig-innsats-og-tverrfaglig-samarbeid/>

Nasjonal faglig rettleiar for psykisk helsearbeid barn og unge, forankra i Opptrappingsplan for barn og unge si psykisk helse 2019- 2024. Planen inneholdt både helsefremjande, førebyggjande og behandlende tiltak.

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/psykisk-helsearbeid-barn-og-unge/bakgrunn-metode-og-prosess>

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis innført i 2020/2021 skal sikre at kommunar har naudsynt kompetanse og tverrfaglig samarbeid i å kunne gje eit inkluderande læringsmiljø og dekke behov for særskild tilrettelegging hos barn og unge.

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/lokal-kompetanseutvikling/kompetanseloftet-for-spesialpedagogikk-og-inkluderende-praksis/>

Lokale føringer

Tysnes skal vere eit attraktivt samfunn å bu i!

Lokale føringer for planarbeidet er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel som i pkt 2.1 fastset at me skal:

- *Sikra innbyggjarane trygge og gode oppvekstvilkår*
- *Sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg*
- *Sikra innbyggjarane tilgang til meiningsfull fritid*
- *Sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur.*

I tillegg til dei overordna måla for planarbeidet jfr pkt 1.2, er det i prosjektmandatet av 17.08.2022 fastsett følgjande effektmål:


I løpet av prosjektperioden skal det utformast og implementerast ein plan for korleis kommunen skal *oppdaga og korrigera uønska utvikling tidleg i livsløp og leggja tilhøva til rette for positiv utviklingsløp* for innbyggjarane. Effektmålet er å byggja opp under trivnad og tilpassing, og å styrka innbyggjarane sine eigne moglegheiter til å hjelpe seg sjølv. Planen skal fremje samarbeid og heilskapleg tenking internt i kommunen, og mellom kommunale og andre instansar.

2. Slik er det å vere ung i Tysnes - kunnskapsgrunnlaget


2.1. Befolknings og oppvekstprofil

I Tysnes kommune bur det 643 unge i alder 0-19 år, dette utgjer 21,8% av befolkninga (SSB, 2024). Tysnes har hatt vekst og stabile tal i høve utviklinga av folkesetnaden og behova for kommunale tenester er veksande i kommunen. Framskrivne tal viser auke i del innbyggjarar 6-15 år dei neste par åra, før befolkningsmengd i denne aldersgruppa synk. Delen i alder 0-5 år er allereie synkande, og det har samanheng med at del kvinner i fertil alder også går ned. Fødselstal siste åra har variert mellom 31 i 2020, 25 i 2021, 27 i 2022 og 25 i 2023.

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Hovedalternativet (MMMM), Tysnes, 6-15 år.



13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Tysnes, 0-5 år, Hovedalternativet (MMMM).



Tysnes Kommune har tre skular og fire barnehagar. 95,2 % av barna over 1 år har barnehageplass, 68,3 % av barna frå 1-4 klasse nyttar skulefritidsordninga og 24,8 % nyttar kommunal kulturskule (del elevar av del barn i alder 6-15 år) (SSB, 2024).

Tysnes kommune er ein stor kommune i areal og har ferjesamband med Bjørnafjorden - og Stord kommune. Tysnes har interkommunal Psykologisk pedagogisk teneste (PPT) som er lokalisert på Stord. Barne og ungdomspsykiatrien (BUP) er lokalisert på Stord med sengepost i Haugesund. Barne og ungdomshabiliteringa (HABU) er i Haugesund. Dei andre tenestene som jobbar tett med barn og familiarar (jordmor, helsestasjon/skulehelsetenesta, psykisk helseteneste for barn, NAV og barnevern) er lokalt lokalisert.

På Tysnes er det færre barn som bur i hushald med vedvarande låg inntekt enn landsgjennomsnittet, og fylket (FHI, 2024). Befolkinga på Tysnes har eit relativt lavt utdanningsnivå samanlikna med andre kommunar (rangert på plass 236 av kommunane i landet). 26,8% av den sysselsette befolkninga har tre års høgare utdanning (Vareide, 2023). Del kvinner med høgare utdanning ligg på 32,1% og delen menn med høgare utdanning ligg på 19,7%. Mottakarar av uførepensjon 18-29 år er høgre enn både fylket og landet, med 3,5 % i Tysnes, mot 1,9 % i fylket, og 2,2 % i landet (FHI 2024). Delen av barn med lågaste meistringsnivå i rekning på 5 trinn var i 2023 signifikanter dårlegare enn landsgjennomsnittet (FHI, 2023). I 2024 er lågaste meistringsnivå i lesing på 5 trinn dårlegare enn landet og fylket.

2.2. UngData

Ungdata undersøkinga gjennomført i 2024 på mellom – og ungdomsskuletrinnet viser funn knytt til 8 indikatorar for junior undersøkinga (5-7 trinn), og 13 indikatorar knytt til ungdomstrinnet (8-10 trinn). Funna vert ikkje gjennomgått i sin heilskap her, då dei er gjenstand for eiga politisk gjennomgang, handsaming og oppfølging, men nokre hovudtrekk er likevel viktig å trekke fram

I høve oppleving av eiga **HELSE**, seier dei fleste at dei opplever å ha god helse. Aukande del elevar rapporterer om plager som hovudverk, og del som har hovudverk kvar dag, er høgare hos jenter enn gutter. Det same gjeld andre fysiske plager. På lik linje som resten av landet ser ein auke i bruk av smertestillande som ibux og paracet, men her ligg Tysnes over nasjonale tal på dagleg bruk. Jenter brukar meir enn gutter.

Om sovn viser undersøkinga at talet på dei som sør 9 timer eller meir har gått ned frå 2021. Dette går også ned med alderen. 30% av elevane svarar at dei har problem med i sovne.

Undersøkinga viser at dei fleste på ungdomstrinnet har tru på **FRAMTIDA**, og at dei t.d. vil fullføre vgs.

Om **LIVSKVALITET**, svarar 59 % at livet er bra. Fleire gutter enn jenter gjev uttrykk for positivt sjølvbilde. Elevane rapporterer om därlegare sjølvbilde frå 5 til 7 klasse. Samstundes gjev dei aller fleste uttrykk for eit positivt sjølvbilde.

Dei aller fleste svarar at dei har minst ein fortuleg **VENN**, men 10 % svarar at dei ikkje har nokon å vere med på fritida og 4 % svarar at dei ikkje har nokon å vere med i friminutt på skulen. Desse tala er like som i 2021.

Einsemd har gått ned i prosent sidan 2021. 12 % kjenner seg einsame på ulike tidspunkt. Jenter opplev meir einsemd enn gutter.

Elevar på Tysnes føler seg tryggare enn på landsbasis i **LOKALMILJØET** sitt, men delen som er nøgd me lokalmiljøet sitt har gått ned sidan førre undersøking, og ligg under landsnivået.

I høve **TRENING OG FYSISK AKTIVITET**, er det over gjennomsnittet som trener 1 el 2 dagar i veka, og dei aller fleste born er med på ein eller fleire faste fritidsaktivitetar.

Om bruk av **MEDIUM**, er det ein auke på elevar som bruker 3 timer eller meir tid på skjerm pr dag. Tid som blir brukt på sosiale medium doblar seg frå 5 trinn til 7 trinn. Svært få les bøker.

I høve **VALD OG TRAKASSERING**, opplever dei fleste ikkje å bli utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre på skulen eller i fritida. Likevel rapporterer 12% om å bli mobba minst kvar 14.dag. Vald i familien er ein realitet for nokre elevar.


Om **RUSMIDLAR** viser undersøkinga at dei færreste har byrjar å drikke alkohol på ungdomskulen. 95% gutter og 88% jenter har aldri smakt eller berre smakt nokre få gonger. Talet på kor mange som ikkje har vore rusa siste året, ligg over nasjonale tal. Talet på elevar som har vore rusa på alkohol siste året har gått ned frå 2021. Både når det gjeld røyk, snus eller e-sigaret, er det mange som svarar at dei aldri har røykt (92%), aldri prøvd snus (91%) eller aldri brukt e-sigaret (89%).

96% har aldri prøvd hasj eller marihuana. Dette er likt som i landet. Delen som har brukt hasj eller marihuana siste året, har likevel gått opp fra 2021(1%) til 4% i 2024.

2.3. Organisasjonskart i Tysnes kommune

Tenester knytt til barn og unge er organisert i ulike sektorar (helse og omsorg, oppvekst). I tillegg ivaretak sektor teknisk omsynet til barn og unge gjennom overordna planlegging.

Kompleksiteten kan gjere at tenestene vert dårleg koordinert og samordna, og at samla innsats kanskje vert sett inn for seint. Samstundes har vår kommune den fordelen at me er liten og oversiktleg, og at det er kort fysisk avstand mellom tenestene. Det er behov for å ha gode og hensiktsmessige strukturar og rutinar for tverrfagleg samarbeid slik at ein lukkast med å hjelpe barn, unge og familiarar som treng det tidleg nok. Figuren under viser det overordna biletet av organiseringa slik den er i dag.



2.4. Risikofaktorar og beskyttelses faktorar

Risikofaktorar er tilhøve som aukar risikoien for at barn og unge si utvikling vert hindra eller hemma, og kan vere knytt til barnet sjølv, til foreldre og/eller miljøet elles.

Dei mest alvorlege risikofaktorane er (Kvello 2023):

- 1) Skadelege omsorgsformer, neglekt (mangler i form av mat, klede, omsorg)
- 2) Alvorlege krenkingar, alle former for vald, psykisk vald, seksuelle overgrep
- 3) Emosjonell avstand/fråvær frå føresette, kjenslemessig kulde, eller negativitet mot eige barn, foreldre som ikkje klarar å engasjere seg i barnet sitt.
- 4) Rusmiddelbruk, for mange barn som tar vaksenansvar, er redde heime, lever med utryggleik fordi foreldre rusar seg.
- 5) Alvorlege former for psykiske lidinger hos foreldre, t.d. personlegdomsproblematikk, den vaksne sitt behov blir styrande i familien. Barn blir pårørande som tar vaksenansvar. Barn blir dårlig til å kjenne på eigne kjensler.
- 6) Utviklingsvansker som ikkje blir forstått og hjulpen. Barn som treng tidleg hjelp for å unngå tilleggsproblematikk. T.d tar det gjennomsnitt 7 år frå mistanke til barn får ein ADHD diagnoser, halvparten av barn med utviklingshemming blir ikkje oppdaga på helsestasjonen.
- 7) Skadeleg psykososiale miljø i barnehage og skole, også en alvorlig risikofaktor. Offentlig omsorgssvikt. Mobbing, manglende voksenstøtte, voksen utryggleik, manglende oppfølging.
- 8) Levekårsutfordringer, därlege butilhøve, fattigdom, multistressande miljø.

Beskyttelsesfaktorer er forhold som dempar risikoen for å utvikle problem når risikofaktorar er til stades, som t.d. positive familiemessige forhold, foreldre med god omsorgsevne, godt forhold til sine jamaldrande og søskjen, gode relasjonelle evner og aldersadekvat kompetanse hos barnet.

Ein god og trygg barndom legg grunnlaget for eit vaksenliv der den einskilde blir rusta til å handtere utfordringar i livet, enten ein er heilt frisk, har helseutfordringar eller kroniske plager.

Alle som møter barn, unge og familiar i sitt arbeid, skal jobba for å fremje meistring og evne til å hjelpe seg sjølv. Dette inneber å styrke beskyttelsesfaktorane og redusere risikofaktorane.

3. Slik skal me jobbe framover.

3.1 Tidleg innsats og førebyggjande arbeid

Førebyggingsnivå

Førebyggjande arbeid handlar om å oppdaga og korrigera uønskt utvikling tidleg i livsløp og, om å leggja tilhøva til rette for positiv utviklingsløp i befolkninga, å byggja opp under trivnad og tilpassing, og å styrka innbyggjarane sine eigne moglegheiter til å hjelpe seg sjølv (Schjødt, Hoel, & Onsøien, 2012). Vår helse vert påverka av hendingar og vilkår allereie før fødsel. I perioden nyført og i tidleg barndom skjer utvikling i tett samspel med nære omsorgspersonar. Kvaliteten på relasjonen mellom born og omsorgspersonar er avgjerande. I tidlege barneår vert borna sine sosiale rammer utvida og negative hendingar i

heim, barnehage og skule kan verke inn på kognitiv og emosjonell utvikling. Når barn er utsatt for alvorleg og omfattende eksponering for risikoforhold, kan konsekvensane verte alvorlege og langvarige. I ungdomsåra vil mange utvikle psykiske plagar eller psykisk liding. I tillegg vert helserelatert åferd som kosthald, fysisk aktivitet og rusmiddelbruk forma i ungdomsåra. Som ein naudsynt del av naturleg utvikling vil barn og ungdom skifte arenaer. Overgangar og utfordringar rundt slike skifter kan vere ein risiko og ein ressurs. Eit godt psykisk folkehelsearbeid må bidra til å gjere desse overgangane gode (Skogen J. , Smith, Aarø, Sjøveland, & Øverland, 2018).

Førebyggjande arbeid har vist seg å være kostnadseffektivt både på kort og lang sikt (World Health Organization, 2014). Førebyggjande arbeid må skje der barn og unge er mest. Dei viktigaste arenaene for å fremma psykisk helse og førebygga psykiske lidingar finn me difor utanfor helsetenestene. For barn og unge er dette lokalsamfunnet, familien, fritidsarenaer, skule og barnehage. Helsetenesta har også ei viktig rolle i det førebyggjande arbeidet. Dei som jobbar i helsetenesta (psykisk helse vaksne, psykisk helse unge og helsestasjon/jordmor/skulehelsetenesta) ser helseproblem på nært hold og kan bidra til å setje det førebyggjande arbeidet på dagsordenen. Helsepersonell har viktig kunnskap om årsak til helseutfordringar og konsekvensar av desse. Helsestasjonane møter nær sagt alle barn i Noreg rutinemessig. Eit godt oppvekstmiljø i familiær med omsorgsfulle og kompetente foreldre fremjer barn si psykiske helse.

I dag deler ein førebyggjande strategiar etter kva målgruppe de er retta mot; universelle, selektive og indikative (Mrazek & Haggerty, 1994).

Universell førebyggjing - Bra for alle! Tiltak som retta mot heile befolkninga, eller alle i ei gruppe. Politiske rammer og føringar pregar vilkåra barn og unge har på alle arenaer som til dømes utforming av bustadfelt, skular, kollektivtransport og fritidstilbod (Skogen J. , Smith, Aarø, Sjøveland, & Øverland, 2018). Tiltaka kan i prinsippet komma alle til gode. Dei har som regel små effektar på den enkelte, men treff så mange at effekten er stor for samfunnet (Major E. F., et al., 2011).

Selektiv førebyggjing - Nyttig for nokon! Tiltak retta mot grupper med kjent og forhøgja risiko for å utvikle vanskar og lidingar. Selektiv førebygging kan ha god effekt på den enkelte og gruppa, men noko mindre effekt på førekomensten i heile samfunnet.


Indikativ førebyggjing - Naudsynt for den einskilde! Tiltak retta mot individ med høg sjukdomsrisiko eller høgt symptomnivå (Major E. F., et al., 2011). Indikative tiltak har god effekt for den enkelte, men denne typen tiltak har mindre betydning for folkehelsa, då det berre er dei som har høg risiko som får tiltaket. Me treng førebyggingsstiltak på alle nivå.

For å redusere førekomenst, sjukdomsbyrde og samfunnskostnader frå psykisk liding, er ein nøydd til å jobbe breitt, systematisk med førbyggjing. Tiltak som vert iverksett før folk får vanskar, og som såleis reduserer talet på problem eller sjukdom, vil vere dei tiltaka som i størst grad er eigna til å førebygge – altså universelle tiltak.

Målet med oppvekstreforma, og det overordna målet denne planen skal bidra til, er å auke innsatsen til dei universelle tiltaka, slik at behovet for selektive og indikative tiltak går ned på sikt. Endringa vert skildra med figur 1 – dagens situasjon, og figur 2 slik vil me ha det!



Figur 1: Ein illustrasjon av førebyggingsnivå før reforma



Figur 2: Illustrasjon av førebyggingsnivå etter reforma.

3.2 Lokale førebyggjande tiltak og kva dei er meint å oppnå.

I tabellane under vert gitt ei oversikt over dei førebyggjande tenester og tiltak inndelt i dei ulike tiltaksnivåa skildra over. Fleire av tiltaka blir levert på fleire nivå, men for å unngå mange repeterande tiltak vert dei berre skildra på lågaste nivå.

Universelle førebyggningstiltak

Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Bidreg til:
Ulweus program på alle skulane i Tysnes	Sikre at alle skulane i kommunen prioritera kontinuerleg sertifisering. Olweus er ein metode for å motverke mobbing og	Kommunalsjeff oppvekst	Redusere mobbing og antisosial åtferd.

	fremje eit trygt og inkluderande skolemiljø. Olweusprogrammet legg vekt på heilskapleg tilnærming til mobbing.		Sikra trygge og gode oppvekstvilkår Oppdaga og korrigera uønskt utvikling tidleg
Tidleg inn- systematisk intervensjon frå jordmor og helsesjukepleiar	Nytta Opplæringsprogrammet Tidleg inn og intervensjonar i tråd med denne opplæringa som del av ordinær jordmerteneste/helsestasjon. Formålet med Tidleg inn er at gravide og småbarnsfamiliar får kompetent hjelp tidleg på områda; rus, psykisk helse og vald.	Jordmor	Avdekke vanskar knytt til psykisk helse, rusmidlar og vald i nære relasjoner. Sikra gode helsetilbod oppdaga og korrigera uønska utvikling tidleg leggja tilhøva til rette for positiv utviklingsløp
Systematisk undervisning om vald og overgrep i barnehage og skule	Bruk av Barnehagepakken frå Stine Sofie stiftelse i bhg. Undervisning i skulane i samarbeid med kompetansemiljø – leggjast inn i årshjul på faste skuletrinn. Born som har fått undervisning om vald og overgrep har lettare for å sei i frå om sine opplevingar samanlikna med born som ikkje har fått denne kunnskapen.	Styrarar og rektorar	Avdekke vald og overgrep Sikra trygge og gode oppvekstvilkår
Treffstaden for ungdomsskulelevar	Open møteplass for ungdomskulelevar etter skuletid med måltid og tilsette frå kommunen til stades.	Einingsleiar førebyggjande tenester	Motverke einsemd legge til rette for ein meiningsfull fritid auka ungdommar sin evne til å hjelpe seg sjølv.
Helsestasjon for ungdom (HFU) – opningstid parallelt med treffstaden	Tilbod for alle i alderen 12-20 år. Opningstid samkjørt med Treffstaden, for å auke tilgjenge og seinke terskel	Jordmor/Helsestasjon	Sikra gode helsetilbod Sikra trygge og gode oppvekstvilkår
Kontinuerleg arbeid, revidering og evaluering av overgangsplanar	Sikre kontinuerleg arbeid med gjeldande overgangsplanar med fokus på hospitering og styrka samarbeid mellom barnehage, barneskule, mellomtrinn, ungdomskule og vidaregåande skule.	Kommunalsjeif oppvekst	Sikra trygge og gode oppvekstvilkår leggja tilhøva til rette for positiv utviklingsløp Bygje opp under trivnad og tilpassing
Samhandlingsmodell (BTS) og Betre tverrfagleg innsats (BTI) modell lett tilgjengeleg på kommunen si nettside.	Sikre at innbyggjarane i kommunen har oversikt over tilbod og planar knytt til barn og unge, og korleis kome i kontakt med dei ulike tenesta. Haldast kontinuerlig oppdatert	Webansvarlig/ redaksjonen	Styrka innbyggjarane sin evne til å hjelpe seg sjølv .
Stafettlogg	Tverrfagleg samhandlingsverktøy som nyttast der utfordringar er identifisert. Den som først kjenner på ei uro knytt til eit barn, opprettar ein stafettlogg, koplar på foreldre, og relevante	Leiarar for tenester innan	oppdaga og korrigera uønska utvikling tidleg

	tenester alt er kva nivå uroa befinn seg på. Sikrar foreldreinvolvering Sikre opplæring og implementering blant tilsette.	oppvekst og helse	leggja tilhøva til rette for positiv utviklingsløp Sikra trygge og gode oppvekstvilkår Styrka innbyggjarane sin evne til å hjelpe seg sjølv
Tilby uteklasserom som del av ordinær undervisning på alle skular i kommunen	Sikre variert undervisning og moglegheit for meistring for alle barn ved kontinuerleg tilbod om blå og grøn skule der elevar får ein praktisk tilnærming til fag. Blå skule, grøn skule	Rektorar	Førebygge åtferdsvanskår og auke meistring. Leggje tilhøva til rette for positivt utviklingsløp
Barn sin talsperson i plansaker som vedkjem barn og unge.	Barns talsperson i plansaker vart utnemnt og oppretta hausten 2023 Talspersonen skal få lagt føre seg alle plansaker til uttale ved politisk handsaming. Har vore drøfta om talsperson skal få utvida måndag til å få førelagt alle saker som vedkjem barn og unge som skal handsamast politisk.	Plan rådgjevar	Byggje opp under trivnad og tilpassing Leggje tilhøva til rette for positiv utvikling ved å få inn barnet sitt perspektiv
Circle of Security Parenting (COS-P) for tilsette i oppvekst	COS-P er eit evidensbasert rettleatingsprogram. Tilby COS-P retta mot tilsette i barnehage og på skule. Nytt COS-P terapeutar med fordjupningskurs til å gjennomføre opplæring/kursing for tilsette.	Kommunalsjef oppvekst	fremje samarbeid og heilskapleg tenking leggje til rette for positivt utviklingsløp
BTI informasjon og info om kommunale tilbod til foreldre	Innføre systematisk og heilskapleg informasjon om BTI og kommunale tilbod på foreldremøte i barnehage og skular. Utarbeide skriftleg informasjon om BTI modell og barn som pårørande som kan gis i samtalane ved behov.	Styrarar og rektorar	Styrke innbyggjarane sin evne til å hjelpe seg sjølv. Oppdaga og korrigera uønska utvikling Sikra gode helsetilbod
Individuelle startsamtalar med foreldre ved helsestasjon, barnehage, skule	Lage samtale mal, der ein utforskar barnet og familien sine ressursar og utfordringar. Byggje opp etter modell «tidlig inn», der det også vert stilt spørsmål om psykisk helse, vald og rus i familien.	Einingsleiarar i oppvekst og førebyggjande tenester.	Sikra gode helsetilbod Sikra trygge og gode oppvekstvilkår
Innføre systematisk kartlegging av alle barn i 1 klasse av fysioterapeut.	Sikre at alle barn i kommunen vert kartlagt av fysioterapeut i barnehage/skulealder.	Fagansvarleg fysioterapeut	oppdaga og korrigera uønska utvikling tidleg i livsløp leggja tilhøva til rette for positiv utviklingsløp

			Fremmer samarbeid og bidreg til heilskapleg tenking
Styrke tverrfagleg innsats gjennom sikre møteplassar	Organisere tenester for å sikre styrke tverrfagleg innsats, Etablere møteplassar for sikre tverrfagleg samhandling og samskaping Jobbe haldningsendrande for å byggje ned avstand mellom tenester og heilskapleg tenking. Byggja laget rundt barnet.	Kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef helse og omsorg.	Fremmer samarbeid og bidreg til heilskapleg tenking Sikra gode helsetilbod Sikra trygge og gode oppvekstvilkår
Systematisk rettleiing av nytilsette barnehagelærarar	Systematisk rettleiing av nytilsette barnehagelærarar bidreg til å auke kvaliteten i relasjonar mellom barn og vaksne, redusere sosiale skilnader og gi alle born like moglegheiter til å lære og utvikle seg. Born som har gått i høgkvalitetsbarnehagar har større sannsyn for å fullføre vidaregåande skule og ta høgare utdanning.	Einingsleiar barnehage	Leggje tilhøve til rette for positiv utvikling Oppdaga og korrigera uønska utvikling Sikre trygge og gode oppvekstvilkåra for alle born
Tilby foreldrerettleiingskurs COS-P og barselgruppe for alle fyrstegongsfødande med partner som ein del av helsestasjonstilboden.	Alle fyrstegongsfødande skal få tilbod om deltaking i barselgruppa i tråd med Nasjonale føringar – minimum 4 treff i regi av helsestasjon/jordmertenesta Alle fyrstegongsfødande med partner skal få tilbod om foreldrerettleiingskurs COS-P i gruppe.	Fagansvarleg helsesjukepleiar og jordmor	Leggje tilhøve til rette for positiv utvikling Sikra trygge og gode oppvekstvilkår Styrka innbyggjarane sin evne til å hjelpe seg sjølv
Leksehjelp til alle elevar på 7-10 trinn	Alle elevar fra 7-10 trinn får tilbod om å delta på leksehjelp 1 gong i veka 1 eller 2 timer. Bidreg til å utjamne sosiale skilnader og auka meistring	Kommunalsjef oppvekst	leggja tilhøva til rette for positiv utviklingsløp Sikra trygge og gode oppvekstvilkår
Trivselsleiarar i skulen	Elevar får ansvar som trivselsleiarar i friminutt, som bidreg til eit betre samhald og eit tryggare skolemiljø gjennom organisert aktivitet i friminutta.	Rektorar	leggja tilhøva til rette for positiv utviklingsløp styrka innbyggjarane sine eigne moglegheiter til å hjelpe seg sjølv.
SFO jobb for ungdom	Ungdomsskuleelevar får tilbod om arbeid ved SFO om ettermiddagen. Bidreg til styrking av ressursane i SFO, auke meistring og sjølvkjensle hos ungdomane, og bidreg til positiv samhandling mellom barna på SFO og ungdomar, byggje relasjonar-. Gjev ungdomane arbeidserfaring.	FrivilligsentraLEN og rektor	leggja tilhøva til rette for positiv utviklingsløp Sikra trygge og gode oppvekstvilkår
Sansegruppe til ungdomskuleelevar	Psykomotorisk sansegruppe som tilbod til alle i eit årstrinn på ungdomskulen. Bidreg til å trenere ungdom i å forstå samanheng mellom kropp og psykisk helse. Bli merksame på eigen kropp og kroppslege reaksjonar	Fagansvarleg fysioterapeut.	Styrka innbyggjarane sine moglegheiter til å hjelpe seg sjølv

Fagdag/undervisning i ungdomskulen om psykisk helse og rus	Psykisk helse bør finnas att i alle fag, ikkje kun som del av faget «Folkehelse og Livsmestring». Å styrke elevane sine sosiale og emosjonelle evner ved å tilby systematisk undervisning/undervisningsprogram om psykisk helse vil auke relasjonelle evner og bidra til auka læring.(Holte 2024) Kunnskap om rus er eit etterspurdt tema blant ungdom i Tysnes	SLT koordinator/r ektorane	Styrka innbyggjarane sine moglegheiter til å hjelpa seg sjølv Sikra trygge og gode oppvekstvilkår
--	--	----------------------------------	--

Selektive førebyggingstiltak

Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Ansvar	Bidreg til:
Kontaktperson barnevern	Faste treffpunkt på tvers av tenester som jobbar direkte med barn og unge. Fast kontaktperson frå barnevernet knyta til alle skular og barnehagar i kommunen.	Barnevernsleiar	Fremmer samarbeid og bidreg til heilskapleg tenking
COS-P foreldrerettleiling	Tilby foreldrerettlelingskurs COS-P for foreldre som opplever utfordringar knytt til foreldrerolla (individuell eller i gruppe)	Barnevern/førebyggjande tenester	oppdaga og korrigera uønska utvikling tidleg i livsløp leggja tilhøva til rette for positiv utviklingsløp
Forsterka barselgruppa/bluesmothers til mødre med forhøga depresjonsskår/krevjande graviditet.	Jordmor i samarbeid med psykolog gje gruppetilbod til mødre med forhøga depresjonsskår (EPDS) som er eit selektivt førebyggande tiltak for deira barn. Styrker relasjonen mellom born og omsorgspersonar.	Jordmor	oppdaga og korrigera uønska utvikling tidleg i livsløp Sikra gode helsetilbod Sikra trygge og gode oppvekstvilkår
Oppvekstmøte – tverrfagleg møteplass	Faste møtepunkt 2 gonger i halvåret, der alle tenester som jobbar med barn og unge er representert. Målet er å sikre tverretatlig opplæring og kompetanseheving innan felles tema, samt sikre kommunikasjon og tverrfagleg samarbeid og erfaringsutveksling.	Kommunalsjeff oppvekst	Fremmer samarbeid og bidreg til heilskapleg tenking
Ressursteam (lokalt tverrfagleg team/drøftingsteam)	Etablere tilgang til ressursteam med representant frå PPT, barnevern, fysio, ergo, helsestasjon/skulehelsetenesta og psykisk helse i barnehagane og på skulane	Kommunalsjeff oppvekst	Fremmer samarbeid og bidreg til heilskapleg tenking Sikra trygge og gode oppvekstvilkår
Felles rutine ved bekymringsfullt fråvær	Utarbeide ei felles rutine for alle skulane i kommunen for registrering og tiltak ved bekymringsfullt fråvær- Implementere denne som del av BTI-handlingsrettleiar.	Rektorar	Førebyggja, oppdaga og korrigera skeivutvikling hos barn og unge
Barn som pårørande rutine.	Implementere rutine og opplæring av tilsette som jobbar indirekte med barn (via foreldre). Tilby kompetansehevande tiltak og bistand i samtale med barn som pårørande.	Kontaktperson barn som pårørande	Avdekke barn som pårørande og sikre deira rett og behov for informasjon og oppfølging. Sikra gode helsetilbod

			Sikre trygge og gode oppvekstvilkår
Redusert pris i kulturskulen etter søknad	Etter søknad kan det innvilgast redusert foreldrebetaling i kulturskulen grunngjøve med økonomiske årsaker.	Kommunalsjeff oppvekst/kulturskulerektor	-å utjamne sosiale skilnader. Sikre trygge og gode oppvekstvilkår for alle

Indikative førebyggingstiltak


Psykisk helseteam for barn, unge og familiær.	Psykisk helseteam tek imot tilvising gjeldande born og familiær sine behov for psykisk helsehjelp. Er samansett av ressursar i førebyggjande eining. Her er ynskjeleg å mogleg å utvide tverrfaglegheit med tilgang til fleire ressursar/anna kompetanse	Einingsleiar førebyggjande tenester	Førebyggje skeivutvikling og sikre eit godt psykisk helsetilbod for barn, unge og familiær.
Psykisk helsehjelp til vaksne	Psykisk helse tek i mot tilvisingar gjeldande vaksne sine behov for psykisk helsehjelp. Enten frå brukarar sjølv eller via andre som fastlege, andre samarbeidande tenester. Dersom foreldre strevar med si psykisk helse, vil det verke førebyggjande for barn si utvikling at foreldre får hjelp.	Eining førebyggjande tenester	Sikra gode helsetilbod Sikre gode og trygge oppvekstvilkår
Avlastning/støttekontakt	For barn og unge med nedsett funksjonsevne i familiær med stor omsorgsbyrd For barn med funskjonsnedsetjing som har behov for sosial støtte i fritida Kan søkje om avlastning/støttekontaktfritidskontakt gjennom helse og omsorgstenestelova	Eining for førebyggjande tenester	Sikre gode og trygge oppvekstvilkår Førebyggja, oppdaga og korrigera skeivutvikling hos barn og unge
Barnekoordinator	For barn og unge med nedsatt funksjonsevne der det behov for eller kjem til å bli behov for fleire helse og velferdstjenester.	Koordinerende eining/førebyggjande tenester	Sikre gode helsetilbod Oppdaga og korrigera skeivutvikling tidleg
Psykososialt kriseteam	Kommunalt tverretatleg team som vert aktivert ved livskriser, ulukker og katastrofer. Har ansvar for tidleg innsats med psykososial oppfølging	kommunedirektør	Sikra gode helsetilbod
Foreldrerettleiling PMTO eller anna heimerettleiling til foreldre med krevjande omsorgsoppgåver.			
Fysioterapi/psykomotorisk fysioterapi	Barn og unge med identifisert utfordring kan ta kontakt/tilvisast kommunal fysioterapeut for utgreiing og behandling. Kommunen tilbyr også psykomotorisk fysioterapi etter individuell vurdering	Eining for førebyggjande tenester	Sikre gode helsetilbod. Oppdaga og korrigera skeivutvikling tidleg

Ergoterapi	Ergoterapeut kan kontaktast for tilrettelegging i t.d skule, bhg eller heim. Kan tilby trening av finmotorikk individuelt eller i gruppe til barn og unge	Eining for førebyggjande tenester	Oppdaga og korrigera skeivutvikling tidleg Sikre gode helsetilbod.
Konsultasjonsteam for vald og overgrep	Undersøke moglegheit for å oppretta konsultasjonsteam for private og tilsett med mistanke om at barn vert utsett for vald og overgrep. Konsultasjonsteam med representantar frå politi, psykisk helse og barnevern der ein som innbyggjarar eller tilsett kan melde inn sak for rettleiing. Utgreie moglegheit for interkommunalt samarbeid.	Barnevernsleiar	Oppdaga og korrigera skeivutvikling Sikre trygge og gode oppvekstvilkår
Kompetanseheving teikn på omsorgsvikt.	Sikre god kompetanse, tidleg identifisering og rett hjelp til barn som opplev omsorgsvikt. Felles opplæring for tilsett som jobbar direkte med barn (nyte felles planleggingsdagar og BTI dagar) med bistand frå kompetansesenter og tilsett i kommunen med vidareutdanning. Invitere frivillige lag til gratis opplæring.	Kommunalsjef oppvekst	Avdekke vald, overgrep og omsorgsvikt som vil kunne bidra til trygge og gode oppvekstvilkår og oppdaga og korrigera skeivutvikling (på rett grunnlag)
Evidensbaserte behandlingstiltak Forløp 1-2	Etablere evidensbaserte gruppetilbod for dei vanlegaste psykiske utfordringar knytt til barn og unge for milde til moderate vanskar (Forløp 1-2). - Angst: Coolkids - Depresjon: Depresjonsmestring for ungdom, (DU)	Einingsleiar førebyggjande tenester	Sikre god behandling og førebygge forverring
Feedback informerte tenester (FIT)	Implementere FIT i barnevernet og psykisk helseteam for barn og unge. Feedback-informerte tenester er basert på systematisk og umiddelbar tilbakemelding frå brukar. Tilnærminga gir utgangspunkt for læring og endring, og sikrar større grad av brukarmedverknad og tilpassa tiltak.	Barnevernleiar/Einingsleiar førebyggjande tenester	Sikre brukarmedverknad, god behandling

3.3 Samarbeidsstruktur – ny organisering og satsing.

Gjennom politisk vedtak i juni 2023 vart det gjort organisatoriske endingar, der delar av tenesteapparatet knytt til born og unge var flytta frå oppvekst sektoren over til helse, som samstundes vart samorganisert saman med fleire førebyggjande tenester. Igjen ligg barneverntenesta som ei eiga avdeling under kommunalsjefområdet oppvekst, saman med skular og barnehagar. Overflytting av helsestasjonstenester, og psykisk helsetenester for barn og unge, bidrog til etablering av eining for helsefremjande og førebyggjande tenester. Grunngjeving for endringa handla om utfordringar knytt til samordning av tenester og krav til utviklingstrekk, såleis med mål om at desse utfordringsområda kunne avhjelpast med ny organisering. Etter omorganiseringa ser sektorområda slik ut:

Sektorområde helse og omsorg:




Sektorområde oppvekst:



Eining for helsefremjande og førebyggjande tenester, er samansett med stor fagleg breidde, som naturleg har tette samarbeidsrealisjonar til einingar innan oppvekst og helse og omsorg.

I tillegg til dei ordinære lovpålagte oppgåvene for tenesteleveranse som følgjer faggruppene i eininga, er eininga tildelt ansvar for funksjonar og roller. Mellom anna har eininga funksjon som Koordinerande eining med ansvar for handsaming og tildeling av Individuell plan etter helse og omsorgstenstelova. Ansvar for tildeling av barnekoordinator. Ansvar for funksjon som SLT koordinator, kontaktperson for barn som pårørande for å nemne noko. Eininger har tilgang til psykolog kompetanse gjennom innkjøp.



For i bidra til godt tverrfagleg arbeid og gode samarbeidsstrukturar, er det etablert/under etablering følgjande struktur og møtepunkt:

Oppvekstmøter – 2 gonger pr halvår:

Mål: Opplæring og kompetanseheving, møtepunkt for tverrfagleg samarbeid og erfaringsveksling. Medlemmer fra heile oppvekst, førebyggjande eining, NAV og andre interne og eksterne samarbeidspartar vert invitert inn etter behov.

Felles fagdagar for alle som jobbar med barn og unge – leggjast til planleggingsdagar i skule/bhg.

Ressursteam – lokalt tverrfagleg team med representantar frå PPT, barnevern, fysio, ergo, helsestasjon, psykisk helse, skule og bhg. Er under utforsking/ynskje om å etablere.

Psykisk helseteam for barn, unge og familiær – lågterskel tilbod, og handsamar tilvisingar om behov for psykisk helse hjelp. Førebyggjande eining. Møtepunkt annakvar veke.

Faste tverrfaglege **møtepunkt mellom barnevern og førebyggjande eining** – skjer kvar 3 veke, for å sikre heilskaplege tenester, at ingen fell mellom to stolar barnevern – helse, kven har ansvar kva tid?

Konsultasjonsteam for vald/overgrep – jobbast med å avklare moglegheit lokalt/regionalt.

3.4 Innspel frå referansegrupper

I planprosessen har det vore innhenta innspel frå både barn og foreldre. Innspela vert gjengjeve nokså direkte. Ettersom planen vert å sende ut på høyring, reknar ein innspela for å vere ein del av høyringssvara, som saman med dei andre høyringsinnspela må vurderast.


Innspel frå barn og foreldre

Perioden 2020-2022 var **Ungdomsrådet** referansegruppe i prosjektet «Systematisk identifikasjon og oppfølging av utsette barn og unge». I den forbindelse har Ungdomsrådet kome med nyttige innspel som vert tatt med i Plan for Førebyggande arbeid:

- Meir fokus på rus, vald, overgrep og psykisk helse i undervisning på skulen.
- Auke kompetanse blant dei som barna allereie har ein relasjon til (lærarar eller tilsette i barnehage) «Hald meg fast! Ikke send meg vidare til nokon andre»
- Utvida opningstid på Treffstaden
- Fleire sosiale arenaer og betre kollektivtilbod for å nytta desse.

Status i planarbeidet for førebyggjande tenester, var tema i Ungdomsrådet 06.09.2024.

Ungdomsrådet vart der bedt om å kome med innspel til viktig førebyggjande arbeid i Tysnes kommune, og kom med følgjande innspel.



Innspel frå foreldre (FAU Uggdal)

- Tiltak retta mot å utjamne sosiale forskjellar (søking av midlar- tydeleg ansvarsfordeling)
- Ei felles rutine på tvers av skular og barnehage (bekymringsfullt fråvær og oppstartsamtale)
- Eit felles Barnesyn som held fokus og forpliktar
- Barneombod som er tilsett i kommunen og har talerett (ikkje politikar)

Innspel frå fagpersonar

I løpet av 2022 gjennomførte **leiarar i Oppvekstetaten** i Tysnes kommune leiarutvikling med vekt på implementering av oppvekstreforma med bistand frå KS-konsulent. I løpet av denne perioden vart det jobba med å skapa ei felles forståing for kva oppvekstreforma inneber både for kommunen og for den enkelte teneste, og sikra at alle tenester som jobbar med barn og unge er ein del av prosessen, forstår sitt ansvar og handlingsrom. Leiarar i Oppvekst har kome med nyttige innspel som er tatt med i Plan for Førebyggande arbeid:

- Fokus på overgangar

- Fokus på samomorganisering av lokale tenester som jobbar direkte med barn og unge (helsestasjon/skulehelsetenesta, psykisk helseteneste for barn/familiar PPT og Barnevern).
- Fokus på etablering av gode møtepunkt

Leiarar i Helse og omsorg har kome med følgjande innspel til planen:

- Fokus på barn som pårørande (routine og kompetansebehov)
- Fokus på å avdekke vald og overgrep i oppvekst (for å hindre store utfordringar hos vaksne/eldre)

4 Medverknad

4.1 Barnekonvensjonen artikkel 12



**«Alle barn har rett til å uttrykke sine meninger,
og ha innflytelse i saker som angår dem.»**

Barnekonvensjonen artikkel 12 skildrar barn sin rett til å gje uttrykk for sine synspunkt i saker som vedkjem dei, og at barnet sine synspunkt skal tilleggjast «behørig» vekt i samsvar med alder og mognad hos barnet.

4.2 Vårt felles barnesyn i Tysnes kommune

Gjennom planprosessen har det kome innspel både i prosjektgruppa og frå foreldre, å arbeida fram eit felles barnesyn for Tysnes kommune, som forankrast politisk, og som forpliktar kommunen; både politisk, administrativt og som innbyggjar.

«Barnesyn definerast som korleis vaksne oppfattar, møter og forheld seg til barn som personar».

Det har vore brei semje i arbeidsgruppa om at det er ynskjeleg å få eit vedtak på kva som skal vere kommunen sitt syn på barn. Dette ynskje har blitt støtta av styringsgruppa. Ein er likevel ikkje kome i mål med eit konkret framlegg til innhaldet i barnesyn, og dette vert derfor gjenstand for høyringsinngespel.

Framlegg som har kome opp i prosessen har mellom anna vore:

- «*Barn har mykje kunnskap om livet sitt; Barn er kloke. Dette gjelder alle barn – små og store, barn i utfordrande livssituasjonar og barn som strever eller har det vondt.*»
- «*Barn treng kjærleik; Barn treng å bli møtt med kjærleik. Vaksne må snakka med ein varm og snill stemma, og bruke snille ord.*»
- «*Barn må bli truud på og tatt på alvor*»
- «*Barn gjer så godt de kan ut frå korleis dei har det inni seg*;»
- «*Me veit at barn har mykje kunnskap om livet sitt, treng kjærleik, å bli tatt på alvor og at dei gjer så godt dei kan ut frå korleis dei har det inni seg.*»
- «*Varme vaksne som snakkar med, ikkje til borna.*»
- «*Varme vaksne som toler heile barnet*»
- «*Alle barn på Tysnes har rett til å stå i sin eigen SPOTLIGHT*» (**Sett, Privatliv, Oppleve omsorg, Truudd, Likeverd, Inkludert, God nok, Høyrt, Tålt**)

I møte med ungdomsrådet 06.09.2024 vart dei beden om å komme med framlegg til korleis dei ynskjer å bli møtte av vaksne rundt seg. Følgjande innspel kom:

Join at [menti.com](#) | use code **4798 1106**

Korleis ynskjer barn og unge og bli møtt av vaksne i Tysnes?

9 responses

Dei ynskjer å bli møtt med forståelse og bli lytta til	Vaksne har meir forståelse for barna	Ynskjer å bli møtt med respekt og likeverdighet.	Med forståelse
Ynskjer å bli tatt på alvor	Med litt meire respekt og forståelse enn det det me gjer no	Med gjensidig respekt. Me vil og føle oss hørt😊	Ynskjer å bli lytta til og forstått
Omsorg			

1 7

The image shows a Menti poll interface. At the top, it says 'Join at [menti.com](#) | use code **4798 1106**'. Below that is the main title 'Korleis ynskjer barn og unge og bli møtt av vaksne i Tysnes?'. Underneath the title, it says '9 responses'. There are four columns of responses:

- Column 1: 'Dei ynskjer å bli møtt med forståelse og bli lytta til'
- Column 2: 'Vaksne har meir forståelse for barna'
- Column 3: 'Ynskjer å bli møtt med respekt og likeverdighet.'
- Column 4: 'Med forståelse' (with a blue background)

Below these columns are two more rows of responses:

- Row 2: 'Ynskjer å bli tatt på alvor' (in the first column), 'Med litt meire respekt og forståelse enn det det me gjer no' (in the second column), 'Med gjensidig respekt. Me vil og føle oss hørt😊' (in the third column), and 'Ynskjer å bli lytta til og forstått' (in the fourth column, with a blue background).
- Row 3: 'Omsorg' (in the first column).

At the bottom right, there are two circular icons: one with a thumbs up and the number '1', and another with a person icon and the number '7'.

5 Evaluering

Evaluering av førebyggingstiltaka i planen er viktig for læring, forbetring og utvikling. Ved revidering av planen skal dei ulike tiltaka evaluerast. For å sikre evaluering av dei ulike tiltaka vil kommunen nytte:

Tiltak	Mål	Ansvar
Compilo	Compilo som eit felles kvalitets- og avvikssystem for kontinuerleg forbetring av tenester. Det skal føres avvik dersom tiltak i plana ikkje vert følgt opp slik det er stadfesta i planen. Avvik skal førast av leiar i aktuell teneste. Politisk organ skal informerast om eventuelle avvik.	Alle tenester
Kompetansekartlegging blant tilsette som jobbar direkte og indirekte med barn	Kommunen gjennomfører kompetansekartlegging blant tilsette som arbeider direkte og indirekte med barn og unge kvart 4. år med bistand frå KORUS. Data kan hentast ut på den enkelte teneste sitt arbeid med tidleg identifikasjon og oppfølging av sårbare barn og unge.	Kommunalsjef oppvekst
Brukundersøkingar	Kommunen gjennomfører ulike brukarundersøkingar for å evaluere tiltak ulike tenester gir, til dømes kartlegging før og etter gruppetilbod (t.d. COS P, Coolkids og Bluesmothers). Det vert gjennomført brukarundersøkingar (t.d. kvalitetsoppleving av barnehagetilbod i kommunen) og elevundersøking (Olweus).	Alle tenester
Årsrapportar	Evaluering skjer også gjennom budsjettarbeid og arbeid med årsrapportar på tenestenivå. Døme på aktuelle rapportar som blir nytta i evaluering av kommunen sitt førebyggande arbeids er årsrapport frå Førebyggande tiltaksteam, barnevern og helsestasjon/skulehelsetenesta.	Alle tenester
Ungdata, oppvekstprofil og folkehelseprofil	Oppvekstprofil, folkehelseprofil og Ungdata inneheld nøkkeltal for kommunen.	Ungdata kontakt
BTI stafettlogg, foreldresamtalar og FIT	Evaluering på individnivå sikra systematisk gjennom evalueringspunkt i BTI-handlingsrettleiar modell og i framtidig nyttig av FIT. Foreldresamtalar og utviklingssamtaler skule, foreldresamtaler barnehage og kartlegging før og etter tiltak sett i gang i Førebyggande tiltaksteam	Alle tenester
Tilbakemeldings og evalueringsskjema av gruppetilbod	Tilbakemeldingsskjema ved gruppetilbod i regi av psykisk helseteam, barnevern, jordmor og helsestasjon nyttas ved gjennomføring av alle gruppetilbod. Utfordringar vert kartlagt før og etter tiltak for å evaluere effekt.	Barnevern/Førebyggjan de eining

6 Bibliografi

Bufdir. (2021, Juli 9). *Oversikt foreldrestøttende tiltak*. Hentet Juli 9, 2021 fra https://bufdir.no/Familie/foreldrestotte/oversikt_over_tiltak/

- FHI. (2021, Juli 9). *Oppvekstprofil*. Folkehelseinstituttet. Hentet Juli 9, 2021 fra <https://www.fhi.no/hn/folkehelse/folkehelseprofil/>
- FHI. (2023). *Oppvekstprofil*. Folkehelseinstituttet.
- Forandringsfabrikken. (2023, April 5). *Forandringsfabrikken*. Hentet fra <https://forandringsfabrikken.no/barnekonvensjonen/>
- Helsedirektoratet. (2018). *Føkehelse og bærekraftig samfunnsutvikling*. Oslo: Helsedirektoratet.
- Major, E. F., Dalgard, O. S., Mathisen, K. S., Nord, E., Ose, S., Rognerud, M., & Aarø, L. E. (2011). *Bedre føre var... Psykisk helse: Helsefremming og forebyggende tiltak og anbefalinger*. FHI.
- Mrazek, P., & Haggerty, R. J. (1994). Reducing risks for mental disorders . *Frontiers for preventive intervention research*.
- Ruud, T., Birkeland, B., Faugli, A., Hagen, K., Hellman, A., Hilsen, M., . . . Weimand, B. (2015). *Barn som pårørende - Resultater fra en multisenterstudie*. Oslo: Helsedirektoratet.
- Schjødt, B. H., Hoel, A., & Onsøien, R. (2012). *Psykisk helse som kommunal utfordring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skogen, J., Smith, O. R., Aarø, L., Sjøvold, J., & Øverland, S. (2018). *Forebygging blant barn og unge. Barn og unges psykiske helse: Forebygging og helsefremmende folkehelsetiltak. En kunnskapsoversikt*. Oslo: FHI.
- SSB. (2021, Juli 9). *Kostra nøkkeltall Tysnes kommune*. Hentet Juli 9, 2021 fra <https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra/tysnes>
- SSB. (2024, April 15). *Kommunefakta Tysnes*. Hentet fra <https://www.ssb.no/kommunefakta/tysnes>
- Ungsinn. (2021, Juli 9). *Tidsskrift for virksomme tiltak for barn og unge*. Hentet Juli 9, 2021 fra Ungsinn.no: <https://ungsinn.no/tiltak-liste/>
- Vareide, K. (2023, April 05). *Regionalanalyse*. Hentet fra <https://regionalanalyse.no/artikkel/utdanning>
- WHO. (2019). <https://www.who.int/news-room/facts-in-pictures/detail/mental-health>. Hentet September 14, 2021 fra Mental health: <https://www.who.int/news-room/facts-in-pictures/detail/mental-health>
- Arne Holte (sept. 2024) – Tidsskrift for norsk psykologforening
, «Strategi for et psykisk sunnere folk».